

61. ¹ Tone: Jeg har baaret lerkens vinger

1.

No da byrjar til aa vaara
Gud den same er so god
Alt det vttren heve saara
det skal lækjast til aa gro.

2.

Kvart eit aar naa vettren kjeme
Vert det *audlegt* surt aa kalt
Gamle sjuke daa deg *greme*
Kvidefult da vert no alt.

3.

Ungdom kan so glade væra
Syngja naa det fryser til
Berre isen den vil bæra
Bakkarna dei holkast til.

4.

Uti joleneget sitja
Fuglar glade rundt ikring
Lengtar vagtar sjaa aa vitja
Snjoføk da er ingenting.

5.

Villan dyri uti skogen
Rutlar tolige sin veg
Vabbar stavar fram i snjoen
Kvilestadar finn dei seg

6.

Gud det heve soleis laga
Livsvilkaari ymist er
Sine byrder kvar lyt draga
Aa so ymse vegen skjær.

7.

Det hev vore so til dessa
Ikkje eins for alle gro
Folkje er so ymist sessa
Foda mangestader ho

8.

Soli ho sin varme spreie
Friskar upp baa lund aa lid
Snjo aa vatne sine vege
Køle noller er forbi.

9.

Makkar fuglar troll aa ormar
Bjørnar løvur altslags dyr
Ut fraa *vittrabolet* stormar
Maurar ur fra tuva kryr.

10.

Vittren faar me alle tøla
Um det verte hadt aa traust
Soli kjem med vaaar aa vøla
Aa tilslutt ein signa haust.

11.

Alle ting vorherra kjennar
Han so skipa hev det alt
Kjærleik hans i loge brennar
Hjarta hans er aller kalt